



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 02.02.2012

Vår ref.: 2012/1297

Arkivnr.:

Kommunane i Rogaland og Rogaland fylkeskommune

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland 2012

Fylkesmannen i Rogaland har samarbeida med Arbeidstilsynet, Mattilsynet og Statens kartverk om å samordne informasjon om planlagde tilsyn med kommunane/fylkeskommunen i Rogaland for 2012.

Som tidlegare har vi laga ei oversikt over den til no planlagde tilsynsaktiviteten fordelt på kommunar og tilsynsorgan (sjå vedlegg). Denne oversikta ligg og på Fylkesmannen si heimeside under menyvalet "Tilsyn" på www.fylkesmannen.no/rogaland. Alle dei planlagde tilsyna til Statens kartverk og Fylkesmannen i Rogaland er lagde inn i denne oversikta. Arbeidstilsynet og Mattilsynet sine tilsyn er ikkje klare når det gjeld kva kommunar som vil få tilsyn i 2012. Sjølv om ikkje alle tilsyna ligg inne i oversikta, vil vi så langt som råd er legge vekt på at belastinga ved tilsyn ikkje skal vere for stor for den einkilde kommune. Vi gjer og merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Arbeidstilsynet vil i 2012 mellom anna fokusere på desse områda i sine tilsyn: Ergonomi-kampanjen "Føre var" held fram med oppfølging av barnehagar. Inneklima i offentlege bygg står på dagsorden. I samband med dette er skular aktuelle tilsynsobjekt. Byggherreprosjektet held fram. I tilretteleggingsprosjektet "På lag" vil det vere aktuelt å føre tilsyn med helse og sosial, pleie og omsorg i kommunar, men og lokale NAV-kontor kan få tilsyn. Det vil og bli tilsyn med innleige/utleige av arbeidskraft. Arbeidstilsynet skal og ha ein ny risikoaksjon retta mot internkontroll, men tema og omfang er ikkje avklara.

Mattilsynet vil i hovudsak ha tilsyn med leidningsnett og drikkevatt i 2012.

Statens kartverk skal berre ha eitt tilsyn i 2012. Det er Sandnes kommune som får tilsyn etter Matrikkellova.

Fylkesmannen sine planlagde tilsyn er innarbeidd i oversikta. Her er det og informasjon om kva tema som blir tatt opp. I tillegg har Fylkesmannen kontroll med produksjonstilskot i landbruket, men desse er ikkje tatt med i oversikta.

Saman med oversikta over planlagde tilsyn, finn de ein tilsynskalender på nettstaden til Fylkesmannen. Her er nærare informasjon om datoar for tilsyn/kontrollar og rapportar frå tilsyna, etter kvart som desse blir publiserte. Det er og lagt ut informasjon om samordning av statleg tilsyn, med lenkjer til dei andre statlege tilsynsetatane.

Med helsing

Harald Thune
fylkesmann

Grete E. Øvernes
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av Fylkesmannen i Rogaland

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36
E-post: grete.flaten@fmro.no

Kopi til:

| | | | |
|--|--------------------------|------|--------------------|
| Arbeidstilsynet v/Gro Ellingsen | Postboks 4720 Sluppen | 7468 | TRONDHEIM |
| Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap | Postboks 2014 | 3103 | Tønsberg |
| Norges vassdrags- og energidirektorat | Postboks 5091 Majorstuen | 0301 | Oslo |
| Datatilsynet | Postboks 8177 Dep. | 0034 | OSLO |
| Nasjonale Sikkerhetsmyndighet | Postboks 14 | 1306 | Bærum Postterminal |
| Statsarkivet i Rogaland | Bergelandsg. 30 | 4012 | STAVANGER |
| KS Rogaland | Postboks 539 | 4003 | STAVANGER |
| Kystverket | pb. 1502 | 6025 | Ålesund |
| Mattilsynet , Regionkontoret for rogaland og Agder v/Gunnar Mar Gunnarsson | Postboks 383 | 2381 | BRUMUNDDAL |
| Statens kartverk Stavanger v/Torstein Pedersen | Postboks 60 | 4001 | STAVANGER |
| Rogaland Revisjon IKS | Løkkeveien 10 | 4008 | Stavanger |
| Statens kartverk, Matrikelavdelingen v/ Anders Fekjær | Landdivisjonen | 3507 | HØNEFOSS |
| Direktoratet for naturforvaltning | Postboks 5672 Sluppen | 7485 | Trondheim |
| Klima- og forurensningsdirektoratet | Postboks 8100 Dep. | 0032 | Oslo |
| Deloitte Statsautoriserte Revisorer AS | Postboks 287 Forus | 4066 | STAVANGER |
| Haugaland kommunerevisjon | Postboks 244 | 4291 | Kopervik |